



Notat

Dato: 29.11.2016
Arkivsak: 2016/3917-132
Saksbehandlar: tortitl

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

UNESCO - Nominasjon av Oselvaren til lista over beste vernepraksisar

UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv

UNESCO-konvensjonen av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven vart ratifisert av Noreg den 17. januar 2007 - St.prp. nr. 73 (2005-2006). Konvensjonen legg til rette for ein meir målretta og systematisk innsats for å dokumentere, bevare og styrka immaterielle kulturuttrykk som til dømes språk, utøvande kunst, sosiale skikkar, tradisjonelle handverksferdigheter, ritual, kunnskap og dugleik knytt til naturen.

UNESCO si liste over beste vernepraksisar

Med heimel i konvensjonen har UNESCO etablert to lister: ei liste med «meisterverker i munnleg og immateriell kulturarv» og ei liste med «beste vernepraksisar» («Lists of Intangible Cultural Heritage» og «Register of Best Safeguarding Practices» <http://www.unesco.org/culture/ich/en/lists>).

I Noreg har Kulturdepartementet ansvar for oppfølging av konvensjonen og arbeider med å identifisere relevante fagmiljø og særleg viktig immateriell kulturarv. Kulturdepartementet sitt fagorgan, Norsk kulturråd, har ansvar for å praktisk iverksetjing av arbeidet.

Norske kandidatar

I 2015 var det fremja fire norske kandidatar til UNESCO sine lister for immateriell kulturarv. Dei fire nominasjonsforsлага vart vurderte og kvalitetssikra av Norsk kulturråd og av ein fagkomité oppnemnt av Kulturrådet og Sametinget. Fagkomitéen og Kulturrådet innstilte nominasjonsforslaget frå Oselvarverkstaden: «The Oselvar boat – reframing a traditional learning process of building and use to a modern context».

Kulturdepartementet fremja Oselvarverkstaden sin vernepraksis som Noreg si første UNESCO-listeføring knytt til immateriell kulturarv (sjå vedlegg 1). Nominasjonen er no handsama av eit internasjonal ekspertpanel nedsett av UNESCO (sjå vedlegg 2). Listeføringa av Oselvarverkstaden vert handsama av verdsarvkomiteen for immateriell kulturarv («Intergovernmental Committee for the Safeguarding of Intangible Cultural Heritage») den 1. desember 2016 i Addis Abeba, Etiopia.

Regional medverknad til etablering og drift av Stiftinga Oselvarverkstaden

Stiftinga Oselvarverkstaden vart etablert av Hordaland fylkeskommune, Os kommune og Os båtbyggjarlag. I 1996 løvvde Hordaland fylkeskommune 300 000 kr til etablering av Oselvarverkstaden. Frå 1997 var verkstaden inne på det fylkeskommunale budsjettet med 100 000 kvart år. I løpet av institusjonen si 20 år lange historie, har den hatt ei god utvikling på mange felt. I 2016 var fylkeskommunen sin driftsstønad til Oselvarverkstaden 1,4 mill. - I framlegg til budsjett 2017 er dette auka til 1 538 000.

At Oselvarverkstaden er nominert til UNESCO si liste over beste vernepraksisar viser etter fylkesrådmannen si vurdering at dei initiativa som vart tekne mellom anna av Hordaland fylkeskommune, Os kommune og Os båtbyggjarlag på 1990-talet, var framtidsretta. Ein såg viktigheita av dei båtbyggjartradisjonane som Oselvaren representerte.

Etter fylkesrådmannen sitt syn, er saka eit døme på korleis ein gjennom medviten regional kulturpolitikk kan sikre kulturarven i Hordaland og samtidig setje spor etter seg i internasjonal samanheng.

Vedlegg.

1. Nominasjonen av Oselvarverkstaden frå Kulturdepartementet
2. Vurdering av nominasjonen Oselvarverkstaden frå UNESCO-ekspertpanel